



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

Mai 1979

33. årg.



«— Kalla konfirmantane våre til eit liv i tru og teneste —»

- * ÅRSMELDING FRÅ DALE SOKNERÅD
- * HØYRETILHØVA I KYRKJENE VÅRE
- * KONFIRMANTANE 1979

Menighetssalme

Når kirkeklokker kaller inn
til helg og søndagsfred,
da må du finne vegen din
og vinke andre med.

Når menigheten samler seg,
hva skal jeg gjøre da?
Da går jeg og på kirkeveg,
vi gjør hverandre glad.

Når salmetoner stiger frem
da må vi være der,
og syng med blant alle dem
som tror på Jesus her.

Når vi bekjenner høyt vår tro,
mitt hjerte ber sin bønn
at også jeg det ord forsto,
du er Guds egen sønn.

I kirkebønnens skrevne ord
jeg legger også mitt,
og bønnens ånd i ordet bor
og bønnens svar er ditt.

Vi priser deg og lover deg
du evige Guds sønn,
din menighet på kirkeveg
gir der sin takkebønn.

Adolf Nielsen.

SOLEFALL

Uttrykket, ettertankens klarhet, hørte jeg nylig i radio for første gang. Det vekket tanker jeg hadde båret på flere ganger, tanker jeg kaller høstklar luft. Mine lesere har sikkert lagt merke til at høsten kan ha uvanlig klar luft, især enkelte år. Det er livskveldens sofall jeg vil skrive om denne gangen. Den kaster et forklaringslys over mangt og meget, som tok seg anderledes ut når jeg stod i det pulserende liv. Det som syntes stort den gangen, blir smått. Den synkende sols stråler er så hjertesaksakende. Det var kjærlighetsbudet jeg syndet mest mot. Samtidig får de andres feilgrep et forsonende, mildnende drag. De var skrøpelige, og begrensede som meg selv.

Vil sitere fra en andakt i «Dagen»s spalter. Mildhet i dommen av andre, kan være lunkenhet. Vi venner oss til å se på det onde som noe selvfølgelig. Men det kan også være at vi lærer med årene å dømme oss selv. Ved å leve for Guds ansikt, lærer vi at det vi dømmer strengt hos andre, det bor i vårt eget hjerte. Eller vi hørte om noen som hadde falt dypt. — Var jeg ikke ofte nær ved å falle? Vi oppdager etter hvert at vi selv trenger en mild dom. Enda en grunn. Vi lærer med årene å forstå menneskene bedre. Og som sagt: Veien til tilgivelse og overbærenhet, går gjennom forståelse.

J. B. H.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Magne Steinnes

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese & Co. Trykkeri

5610 Øystese. — Tfn. 55045

HØYRETILHØVA i kyrkjene våre

Det har i dei seinaste åra vore gjort mykje med høyretilhøva i fleire av kyrkjene våre. Både Vaksdal, Dale og Stamnes kyrkje har fått nytt høyreanlegg med teleslynge. Dette skulle gjera tilhøva for dei med høyrevanskar sers gode. På grunn av dei mange skader på dette område har ein vore mykje glad for dette, og sette store voner til at tilhøva skulle verta så mykje betre. Diverre har nok ikkje tilhøva vorte som ein skulle ynskje. I særleg grad har det vore vanskar i Vaksdal kyrkje. Dette er ei kyrkje med stor etterklang, og nokon enkel oppgave visste ein nok på førehand at det ikkje var. Men vart det godt nok?

Ein representant frå Christian Michelsens Institutt har nyleg vore og sett over anlegga og kome med ein uttale. Me vil her berre peika på ein ting som kom klårt fram og det var at teleslynge ikkje har fungert som ho skulle på Vaksdal og Dale. Ein teleslynge treng adskillig større styr-

kje på volumet enn høgtalarane. Når styrkjen ikkje kan regulerast separat for desse går det ut over teleslynge og ein får ikkje den nytte av den som er tenkt. I Stamnes har ein løyst dette på ein god måte og ein vonar at det kan gjerast noko på Vaksdal og Dale også.

Konfirmantane 1979

Det er i år 74 konfirmantar som skal konfirmerast i kyrkjelydane i Vaksdal. Dette er 4 mindre enn føregående år. Konfirmanttalet for dei ulike kyrkjelydane er: Dale 34, Vaksdal 17, Stamnes 10, Eidsland 5, Bergsdalen 2, og Eksingedalen 6 konfirmantar. Namna på dei som skal konfirmerast er:

Dale kyrkje den 6. mai:

Elin Bergstø, Britt Torunn Dalseide, Tina Ekanger, Ingunn Eide, Mette Hasseløy, Anne Jorunn Hatlestad, Jane Randi Hesjedal, Anita Johansen, Elin Kvamme, Ingunn Kvamme, Sol Kari Onarheim, Linda Reinholdtsen, Anita Standal, Bjørg Samuelsen, Anne Grete Sellevold, Berit Steinsland, Sigrid Utne, Ingunn Anita Visnes, Kari Ingunn Øye, Gerry Andersen, Bjarthe Alvheim, Olav Auro, Harald Birke-land, Svein Brattebø, Sigbjørn Dale, Svein Idar Dale, Idar Gregersen, Viggo Andre Marx, Knut Henning Mo, Sven-Håkon Pedersen, Jan Stanghel-le, Jan Håkon Svarstad, Torgeir Thomassen og Frode Vedå.

Vaksdal kyrkje 6. mai:

Tove Mette Amundsen, Norunn Borge, Marit Erstad, Evy Grenasberg, Ritta Gundersen, Elin Herfindal, Berit Olsnes, Inger Marie Sæterdal, Britt Heidi Tefre, Eva Thom, Ann Kristin Vaksdal, Tormod Amundsen, Leif In-

ge Larsen, Trond Helland, Oddekalv, Harald Olsnes, Per Inge Pahlm og Bjørn Skjerveggen.

Stamnes kyrkje 13. mai:

Elin Magda Brørvik, Grete Berit Kallestad, Anita Stamnes, Jane Stien, Merethe Vik, Tonny Dæmring, Jon Stig Hesjedal, Harald Hårvik, Inge Svein Kallestad og Knut Magne Straume.

Eidsland kyrkje 13. mai:

Kari Anne Gullbrå, Jane Berit Jakobsen, Berit Neset, Bjørn Eikefet og Svein Håkon Myster.

Bergsdalen kyrkje 20. mai:

Anne Gro Berge og Marit Lid.

Flatekval kyrkje 27. mai:

Kari Brørvik, Gerd Ekse, Unn Evelyn Gullbrå, Bente Kari Tyssen, Steinar Nese og Bjørn Nese.

Årsmelding 1978 frå Dale sokneråd

Dale Sokneråd har dette året vore samansett slik: Formann: Lasse Vassenden, nestformann: Lars Ragnvaldsen, skrivar Sigfrid Helle, kasserar: Sønnøva Hesjedal, styrelemer: Normann Buvik og Ingrid Verpelstad. Fast medlem: sokneprest Magne O. Steinnes. 1. varamann, Per Arne Borge, har dessutan møtt på dei fleste møta. Revisorar: Helge Dale og Randolph Rønnevold.

Det har vore halde 11 møte og handsama 54 saker i 1978. Stor offervilje og offerglede har vore synt i kyrkjelyden, som i 1978 har gjeve 39.332 kr. til kyrkjelege og organisasjons-føremål. Dale Sokneråd har fått 7.622 kr. til eigen kasse. Til arbeidet i kyrkjelyden har gått med 5.329 kr. dette året.

Eit rikt arbeidsår er til ende. Samarbeidet har vore godt og gjev mot til å arbeida vidare med nye oppgåver innan kyrkja.

Året tok til med to fest- og merkedagar i kyrkja vår: 15. januar vart Magne Olav Steinnes innsett til ny sokneprest ved prosten i Hardanger og Voss prosti. Ved dette høvet skipa vi til utvida kyrkjekaffi med innbedne gjester. Kommunen var representert, prost Augun Østtveit med kone var med, avgåande sokneprest Lars Bjørsvik og kona. Likeins sokneprestparet sine foreldre

29. januar vart daleguten John Ove Thaule ordinert til prest i Den norske kyrkja ved biskop Thor With. John Ove er son åt vår trufaste klokkar og mykje aktive mann innan kristeleg arbeid i kyrkjelyden, Bjarne Thaule og kona Gudrun. Til festen etterpå var mange av slekt og vener åt Ruth og John Ove Taule møtte fram, dessutan overordna i feltpresttenesta og kyrkja elles.

10. og 11. februar var det soknerådskurs på Voss. Der møtte frå Dale: Sokneprest Magne O. Steinnes, Sønnøva Hesjedal, Sigfrid Helle og Lasse Vassenden.

23. februar vart nytt høgtalaranlegg montert i Dale kyrkje — såkalla teleslyngje. Vi arbeider vidare med dette, då det ikkje har fungert heilt tilfredsstillande. Ekstra luftfuktar for orgelet er også innkjøpt i dette året — då det er for lite med berre ein.

Frå 1. mai er tilsett ny vaskehjelp for kyrkja: Bjørg Yven. Ho gjer eit særst godt arbeid.

Frå 1978 er innført familierabatt på kyrkjeskysen. Vi oppmodar flest mogeleg til å nytta denne.

Ordninga med tekstlesarar er kome

i gang. I fyrste hand har 4-5 unge saman med soknerådsformannen teke på seg å gjera dette.

11. mars og 9. des. var det fellesmøte for 2 medl. av kvart sokneråd i prestegjeldet. Boka «Menighetsrådet i arbeid» er tinga til soknerådet i 12 ekspl.

Til 17. mai fekk vi trykt opp programmet for Stanghelle og Dale som vart selde på husa og gav innkome til nytt kyrkjelydshus. Likeins har vi fått trykt opp 3 motiv av Dale kyrkje for sal til inntekt for same føremål. Det er daleguten Torbjørn Øvstun som ha stått for fotograferinga.

27. og 28. mai hadde vi tre utsendingar til prostimøte på Kvamskogen: Normann Buvik, Ingrid Verpelstad og Lasse Vassenden.

Frå 1. oktober fekk vi ny res. kap.: Lars Dagfinn Lofthus. Han vart innsett i Dale kyrkja 8. okt.

Den årlege konfirmantfesten vart i år halden 11. nov. i Stanghelle bedehus. Stanghelle Indremisjon var vert saman med Dale Sokneråd. Der møtte 15 konfirmantar saman med ein eller begge foreldra. John Livden var festtalar, prestane Steinnes, Bjørsvik og Lofthus deltok. Festleiar var Gunnar Rene. Vi sette stor pris på dette samarbeidet med Stanghelle Indremisjon. Det er naturleg å samarbeida her, då ein stor del av kyrkjelyden vår er frå Stanghelle

Foreldresamling med dei nye konfirmantane for 1979 vart halde i september. Då med kyrkjekaffi etterpå.

Aksjonsveke vart halden 19. — 25. oktober. Den samla stor møtelyd. Ingulf Disen og John K. Livden var talarar. Elles deltok 6 kor og musikklag på møta. Mykje god song og mu-

sikk var å høyra, og ordet vart forkynt klårt og rett. To viktige saker vert arbeidd vidare med: 1. Kyrkjebladet for prestegjeldet. 2. Kyrkjelydhus for Dale.

Kyrkjebladet har fått ny redaktør: Lars Dagfinn Lofthus. Elles vert det arbeidd med omlegging til nytt trykkeri og fleire medarbeidarar.

Kyrkjelydsalen — eller kyrkjelydshuset som vi helst vil kalla det — har vore eit viktig emne i år, som det har vore i mange år før. Sokneprest Bjørsvik har arbeidd utrøytande med denne saka og alvorleg understreka kor viktig den er for kyrkjelyden vår. Han opna særskild konto i Bruvik Sparebank for innsamling til dette arbeidet. Der står no omlag 30.000 kr. Fast offerdag er 17. mai. Mange glade gjevarar har slutta opp om dette.

Kyrkjekonsertar av stort format har vore haldne dette året. Kjende orgelkunstnarar har vitja oss. Festspelkonsert er vorte eit årleg innslag i vår kyrkje. Under leiing av framande og vår eigen dyktige organist, Lars Ragnvaldsen, har fleire konsertar funne stad. Dale Kyrkjekor fekk ved 2 konsertar — mai og november — delta saman med kor og orkester frå Bergen. Hordaland Songarforbund vitja oss i jubileumskonsert — med 7 kor, ein ugløymande kveld.

Barnekoret, Dale Kyrkjekor og Dale Mannskor er elles faste kor i vår kyrkje.

Vi har grunn til å vera glade og takksame for det vi har fått vera med på. Mest takk til Gud som styrer alt og alle med si mektige hand. Nye oppgaver under Guds leiande hand og rike signing ventar i året som ligg framfor oss.

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605	Frå	Til
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015	Frå	Til
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

Dale Handelsforening Dalekvam

TOMAS UTSKOITS SKOFORRETNING

Dalekvam

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon: Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN 1/5

Tlf. 2240 DALKEVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN 1/5

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal

KVIKKBAR

Dalekvam

Tfn. 2161 — 2112

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Edvin Hesjedal, f. 7.2.79, døypt 15.4.79.
Hilde Fotland, f. 14.1.79, døypt 18.3.79.
Inger Linda Marie Hellstrøm, f. 1.12.78
døypt 8.4.79.

VAKSDAL:

Ole Andreas Langhelle, f. 27.12.78,
døypt 31.3.79 i Arna kyrkje.
Jannicke Skage, f. 1.12.78, døypt 15.4.
79.

Cathrine Audestad, f. 20.2.79, døypt
6.5.79.

STAMNES:

Barbro Helle, f. 17.2.79, døypt 8.4.79.
Johnny Berntzen, f. 8.2.79, døypt 16.4.
79.

FLATEKVAL:

Ole-Jakob Nese, f. 24.1.79, døypt 13.4.
79.

VIGDE:

DALE:

Øyvind Jacobsen og Iris Sofie Lang-
helle, vigde 7.4.79.

AVLIDNE:

DALE:

Rolf Kristiansen, f. 2.10.1898, d. 25.3.79,
gravlagd 30.3.79.

Nils Bertin Dale, f. 3.6.1925, d. 3.4.79,
gravlagd 7.4.79.

VAKSDAL:

Malena Boge, f. 19.10.1895, d. 29.3.79,
gravlagd 5.4.79.

Konrad Ulevik, f. 5.7.1898, d. 18.4.79,
gravlagd 24.4.79.

Ole Nord, f. 23.3.1897, d. 17.4.79, grav-
lagd 25.4.79.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

Kyrkjeblad for Vaksdal

Innkome bladpengar 1/1 1979 til
5/5 1979:

Dale	kr. 895,—
Vaksdal	» 270,—
Stamnes	» 770,—
Flatekval	» 110,—
Nesheim	» 155,—
Bergsdalen	» 40,—
Utanbygds	» 240,—
Ialt	kr. 2.480,—

Det er no sendt ut innbetalingskort i posten til alle husstandane i prestegjeldet, og bladpengane strøymar inn kvar dag. Det vonar me det vil gjera lenge. Skal rekneskapen balansera i år, må me få inn omlag kr. 15.000,— i bladpengar. I fjor kom det inn omlag kr. 11.000,—. Så me vil oppmoda tingarane om å vera flinke til å bruka innbetalingskortet dei har fått tilsendt.

Med helsing og takk
Kasseraren

Hausvik og Faugstad 1/5

Vaksdal

Telefon 3603

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Tfn. Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverer
Strikke- jakker og gensere

Velkomen til kyrkje

5. *sundag etter påske, 20. mai.*
(Joh. 16,23b-28).

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Res. kap. Lofthus. Offer til soknerådet.

Dale kyrkje kl. 11.00. Lekmannsgudsteneste ved Odd Alvheim.

Helgetorsdag, 24. mai (Ap.gj. 2,32-36).

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Stammes kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd.

6. *sundag etter påske, 27. mai.*
(Joh. 15,26-16,4).

Dale kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Musikkorps deltek.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Sokneprest Steinnes. Song av Eksingedalen bl.kor. Offer til soknerådsarbeidet.

1. *Pinsedag, 3. juni. (Joh. 14,23-29).*

Dale kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Nattverd. Offer til Santalmisjonen.

Stammes kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Lofthus. Offer til NMS.

2. *Pinsedag, 4. juni. (Joh. 3,16-21).*

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Lofthus. Offer til Nordhordland Indremisjon.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Nattverd. Offer til Leirstaden Fager-tun.

Treeningssundag, 10. juni.
(Joh. 3,1-15).

Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Res. kap. Lofthus. Nattverd. Offer til Misjon bak jernteppet.

Sommarmøte

«Jeg vet på hvem jeg tror» er mottoet for sommarmøtet som Bergen krins av Det Norske Misjonsselskap skipar på Kongshaug Folkehøgskule, Lepsøy ved Os i tida 26. — 29. juli. Det vert mellom anna bibeltimer av res. kap. Per Fimreite og misjonstimar. Song og musikk av lokale kref-ter.

Nytt høvet til samling om Guds ord og misjonen: Nærare opplysningar og program: N.M.S. krinskontor, Ø. Korskirkealm. 9, 5000 Bergen. Telefon (05) 31 00 61.

PROSTIMØTE

Prostimøte vert i år på Helgatun i dagane 19. — 20. mai. Biskop Thor With vert med og vil halda foredrag om: «Det lutherske dåpssyn og vår dåpspraksis». Emne skulle vera aktuelt nok. Ikkje mindre aktuelt skulle tilhøva til våre førskuleborn vera og konfirmantarbeidet. Dette vil Marit og Svein Bjellås ta for seg. Kvart sokneråd lyt senda to representantar og lærarar i skule, sundagsskule, barnehage og leiarar i dei frivillige kr. organisasjonane er velkomne saman med dei kyrkjelege tenestemenn.

FERIE

Sokneprest Steinnes har ferie 26/6—23/7.

Res. kap. Lofthus har ferie 31/7—20/8 + ei veke i febr. 1980.